

Dagsavisen.no / Kultur / Musikk /

Udøyelege Enrico Rava



Enrico Rava i storform med ungt nytt band. F.v. Giovanni Guidi, Gianluca Petrella, Enrico Rava, Fabrizio Sferra, Gabriele Evangelista og Giacomo Ancillotto. Foto: ECM Records

Enrico Rava (73) er den moderne jazzens far i Italia, og han har ikkje tenkte å dø.

ROALD HELGHEIM 28. desember 2011

Det sa han då eg for nokre år sidan spurde om han trudde på eit liv etter døden. Med sitt siste album «Tribe» med det unge nye bandet sitt, viser han at det så langt ikkje er noko i vegen med vitaliteten. Det føyer seg inn ei rad strålende utgjevingar etter at han vende attende til ECM i 2003. På Kongsberg spelte han med pianisten Stefano Bollani som han gav ut plata «The Third Man» med. På «Tribe» spelar Giovanni Guidi piano, Gianluca Petrella trombone, Gabriele Evangelista bass og Fabrizio Sferra trommer, Giacomo Ancillotto gitar. Rava starta sjølv på trombone, men etter å ha høyrte Miles Davis bytte han til trompet. Eit instrument han trakterer ikkje ulikt stilen til Tomasz Stanko, men det er hans eige musikalske uttrykk. Musikken har han skrive sjølv, ofte lyrisk, men bandet kan sparke frå når det trengst som på låten «Choctaw». Spelet hans er nok også prega av at han gjekk si musikalske verneplikt i avantgardjazzens USA på sekstitalet.

Utfordringa

Då den unge Enrico drog til over there, spelte han med alle storleikane i den moderne jazzten, mellom dei Carla Bley på storverket «Escalator Over The Hill», med Steve Lacy og Gato Barbieri, saksofonisten han i 2004 turnerte med att, i selskap med Roswell Rudd. Rava turnerte USA rundt i ti år før han reiste heim, og han sa til Dagsavisen at den amerikanske jazzten i det 20. hundreåret er noko eineståande vi aldri vil få attende, like stort som renessansen. Utfordringa er å gå nye vegar, og det står ikkje på Enrico Rava, som har vore ein inspirator også for Italias andre store trompetist Paolo Fresu. «Tribe» er dusinet fullt med låtar, og tonar ut i Enrico Ravas ånd med «Improvisation».

Femklang

Eit album med historisk sus over er det også med trioen til den danske pianisten Søren Kjærsgaard, albumet «Femklang». Med er den legendariske trommeslagaren Andrew Cyrille og bassisten Ben Street, på eit album nyleg kåra til eit av årets beste av det New York-baserte jazzbladet New York City Jazz Record. Kjærsgaard er også med i det dansk-norske bandet The Living Room, nyleg omtalt her i samband med albumet «Still Distant Still». Men no handlar det om det spennande albumet «Femklang», som slår an tonen med «The Loop (Variation One)» som etter sin natur får oppfølgjaren «The Loop (Variation Two)» til slutt, komponert av trommeslagaren. Andrew Cyrille er på alder med Enrico Rava, og ein av dei mange Rava spelte med i sin amerikanske periode. Cyrille verkar som ein perfekt match også i trioen til Kjærsgaard, som har skrive resten av musikken til sitt tredje album. Det er eit spennande trioalbum, og nok eit døme på kva mogleikar som ligg i dette

klassiske formatet frå stilskaparen Bille Evans av. Med ein friare stil som ikkje er «avantgarde», men musikalsk samhandling mellom musikarar frå kvar sin historiske ståstad, som er med på i gjere «Femklang» til ei lydaroppleving.

Dobbelt syndroms

Stockholm-syndromet heiter det når offer for kidnapping får sympati med kidnapparen, og det har internasjonalt fått namn etter eit vidgjete bankran på Norrmalmstorg i Stockholm i 1973, då ranarane forskansa seg i kjellaren med gisla, som fekk sympati for dei. Dette til orientering i samband med saksofonisten Will Vinsons siste album «Stockholm Syndrome» der vår norske New York-baserte gitarist Lage Lund også er med, og den andre låten «Dear Old Stockholm Syndrom» gjer symbolikken dobbel. Svenskar og andre kjenner låten «Dear Old Stockholm» betre som «Ack Värmeland du sköna», gjort til standardlåt i jazzen etter at Stan Getz spelte han inn på plate i 1951.

Det gjer ikkje Vinson, men det går ikkje ut over eit propert album der det er flust med analogiar elles, med t.d. Paul Desmonds vakkert tolka «Late Lament». Pianisten er Aaron Parks, trommeslagar Kendrick Scott, og bassist Orlando LeFlemming spelte også på Lage Lunds album «Early Songs». Dermed er alle ringar slutta, og vi ønskjer dykk alle ei god jul.

Enrico Rava Quintet

«Tribe»

ECM (Musikklosen)

Søren Kjærgaard, Ben Street, Andrew Cyrille

«Femklang»

ILK (VME)

Will Vinson

«Stockholm Syndrome»

Criss Cross (Musikklosen)

Skriv en kommentar 

Du må være registrert bruker på nyemeninger.no for å kommentere saker. Logg inn nedenfor eller [registrer deg her](#).

Brukernavn eller e-postadresse

Passord

Logg inn
